

Heimemisjonen

nr. 8 - 2013 - 96. årgang

Organ for Sunnmøre Indremisjon

Nybakt pensjonist

TEKST OG FOTO: PER OVE STIGE

Meir tid til familien var avgjerande då Odd Asbjørn Nybø tok valet og vart pensjonist ved fylte 62 år.



LEIR I FOKUS: Odd Asbjørn Nybø var ofte leirleiar i sin ungdom. No har han tatt denne oppgåva opp igjen, og han utfordrar andre pensjonistar til å gjere det same. Bildet er frå Brusdalsheimen første helga i november.

No får han også meir tid til frivillig arbeid i misjonen.

Det er halvannan månad sidan han takka for seg, og vart takka av, som inspektør på Møre ungdomsskule. Nybø var ei drivande kraft ved oppstarten av dei to Møreskulane i Sunnmøre Indremisjon. - No har eg blitt pensjonist så fort eg kunne, seier han. - Det er jo litt rart å ha blitt pensjonist. Men eg har frivillig valt det.

BARNEBARN

Han og kona har tre barn, og seks barnebarn.
- Eg veit kor travelt det er å vere småbarnsforeldre, og eg vil svært gjerne bruke tid saman med barnebarna. For nokre få dagar sidan var eg og han på fem år ute og drog teiner, plukka frukt og tok opp gulrøtter. Bestefaren hadde ein skikkeleg flott dag, og han på fem skein som ei sol.
Nybø har mange hobbyar å styre med.

MISJONEN

Han gler seg også over meir tid til misjonen. Etter at han mange gonger var leiar på leir i sin ungdom, har han no tatt dette opp igjen.

Og han utfordrar andre pensjonistar til å gjere det same.

Nybø er aktiv i indremisjonsforeininga på Sjøholt. No står dei klar til å starte eit større oppussingsarbeid på bedehuset. Nybø reknar med at mange pensjonistdagar vert brukte der.

FLEIRE FRISKULAR

For snart ti år sidan var han med på å starte opp Sunnmøre Indremisjon sin friskule i Herøy. Dei vart veldig godt mottekte i kommunen, seier han.

No har han byrja å snakke om friskule både i Skodje og i Giske kommune, og helst så nær eit trafikkknutepunkt som muleg.


- Forskning viser at den kommunale skulen vert betre når den må konkurrere med ein friskule. Erfaringa viser at mange vel å sende barna sine til dei kristne skulane sjølv om dei kanskje ikkje reknar seg som kristne.

- Friskulane våre er små, og i ein liten skule klarer personalet lettare å sjå kvar enkelt elev. I tillegg vil lærarane formidle at dei sjølve trur på den kristne bodskapen, seier skulegründeren.

Side 2 Leiar

Side 3 Ung Misjon

Side 4 Ny dagleg leiar i Si-REISER





Karl Arne Austnes
krinsleiar
Sunnmøre Indremisjon

SKUFFANDE FRÅ BISPEMØTET

På oktobermøtet vedtok bispmøtet med 8 mot 4 røyster å opne opp for vigsel av homofile og lesbiske. Reint praktisk ynskjer dei av taktiske grunnar først å opne for ei forbørnshandling, men reelt er dette ei godkjenning av vigsel.

Sjølvom dette ikkje er overraskande er det likefullt skuffande. Eit slikt syn har ikkje grunnlag i skrifta og må difor avvisast som rett lærer etter bibelsk og luthersk tenking. Det at vi i indremisjonen har dette synet handlar ikkje om at vi fordømer menneske med ei homofil legning, men at vi held fast på bibelens ord om ekteskap og samliv. Det er berre om samlivet mellom mann og kvinne det er sagt at dei to skal vere eitt. Naturen sjølv vitnar også om at samlivet mellom mann og kvinne er spesielt, då det berre er dette som gir barn. Difor har Gud lagt bindingar i mor-far-barn relasjonen som menneske er kalla til å halde fast på.

I tillegg talar det nye testamentet klart om at når menn eller kvinner lever saman med eige kjønn på same måte som kvinne og mann lever saman i ekteskapet, så er dette synd (1. Kor 6, 9-10).

Korleis skal vi som truande forhalde oss til vedtaket i bispmøtet? Det er lett å bli trøytt og lei av heile debatten og bli mismodig. Nei, vi har ingen grunn til å bli mismodig. For det første er det viktig å støtte prestar og andre kyrklelege tilsette som vil stå fast på bibelens ord. Dei treng vår forbørn og omsorg. For det andre er det viktigare enn nokon gong å bygge livskraftige forsamlingar på bedehuset. Forsamlingar som våger å vedkjenne seg heile Guds ord og som vil leve menneske nært. Dette er vårt kall og dette vil vi med frimot stå i.

KRINSINFO

TESTAMENTARISK GÅVE

Sunnmøre Indremisjon er tilgodesett i testamentet etter Solveig Remøyholm frå Eiksund. Utlodning i buet er no ferdig og vår andel av arven vart på kr 221.730,- Vi er svært takksame for denne store gåva til arbeidet vårt og vil forvalte den etter beste skjøn. Om du ynskjer å tilgodesjå Sunnmøre Indremisjon i ditt testamente finn du eit skjema du kan bruke til dette i årsmeldinga vår. Vi på krinskontoret hjelper gjerne til om du ynskjer det.

Vi lyser fred over Solveig Remøyholm sitt gode minne.

BILLOTTERIET

14. oktober var det trekning av bilotteriet. Den heldige vinner var Asgeir Behrentz, Nakkelia 11, 6014 Ålesund. Lodd nr. 177779. Vi takker alle som har støtt Brusdalsheimen og Orreneset Misjonssenter ved å kjøpe lodd. Vi vil også takke alle våre trufaste loddsgjere som også i år har gjort ein kjempejobb med å selge lodd.

MANNSHELG 2014

Fredag 17. og laurdag 18. januar er det klart for ei ny mannhelg på Brusdalsheimen. Gunnar Ferstad blir med som talar. Han starter i ny stilling som bibelskulelærar frå 1. januar og vi er glade for å ha fått med oss Gunnar denne helga. Vi abeidar med detaljane i programmet, men vil alt no be alle menn om å sette av desse to dagane. Ikkje minst ynskjer vi yngre menn velkommen. Helga er eit samarbeid med Normisjon.

REISERUTA FOR VÅREN 2014

Vi har no sendt ut brev til lokalforeiningane om talarynskje til våren. Sunnmøre Indremisjon er ein forkynnarrorganisasjon og det er difor viktig at vi held oppe arbeidet med møter på bedehusa. Trua kjem av forkynninga, difor treng vi å lytte til Guds ord. Vi vil oppmøde alle om å satse på møteverksemda og sende inn ynskjer til oss om møteveker, møtehelger eller enkeltmøter. Så skal vi så langt det står til oss gjøre vårt beste for å skaffe forkynnurar til møta.

SJÅ HER!!

Har du nytlig og pent bruk inventar, pynte- og bruksgjenstander som du kan tenke deg å gi til kristent barne- og ungdomsarbeid på Sunnmøre?

Vi opnar "Gjenbruksbutikk" på Valderøy i regi av Sunnmøre Indremisjon ca. 1. januar 2014. Tenk kreativt og positivt og bli med på dugnad for ei stor og viktig sak.

Ta kontakt med:
Kjell Furnes
Tlf. 952 78 162

Redaktør: Karl Arne Austnes
Sunnmøre Indremisjon
Postboks 7836 Spjelkavik, 6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70 Fax. 70 17 86 69
Bankgiro: 3000.15.31235
Epost: sunnmore@imf.no
Internett-sider (med link til andre avdelinger)
www.imf.no/sunnmore - Ung Misjon: www.ungmisjon.no

Brusdalsheimen
Telefon: 70 27 45 53
Bankgiro 3900.31.17255

Daggry barnehage
Telefon 70 18 24 97
B.giro 3000.21.36682

Møre Ungdomsskule
Telefon: 70 17 66 70
B.giro: 8220.02.80287

Si-Reiser AS
Telefon: 70 17 86 60
Vakttelefon: 90 86 38 56

Orreneset Misjonssenter
Telefon: 70 25 07 56
Bankgiro: 4045.07.07211

Borgund Folkehøgskule
Telefon: 70 17 76 00
B.giro 8220.002.20788

Møre Ungd.skule Herøy
Telefon: 70 08 05 50
B.giro: 3000.18.45655

Si-Reiser AS
Telefon: 70 17 90 00
WEB: www.si-reiser.no

Radio Sentrum: Telefon: 70 15 41 00 - Bankgiro 3900.21.10311 - www.radiosentrum.no

UNGmisjon



- barne og ungdomssektoren
i Sunnmøre Indremisjon



Pit-stop

TEKST: EIVIND LANDRO **FOTO:** AMANDA BAKKEN

Da heter det november, og Pit-Stop er over for denne gangen.



ÅRETS PIT-STOP: Her var det blandt annet mye bra lovsang.

De som var på årets Pit-Stop fikk høre mye bra lovsang, tale, korssang og solosang. Valderøy Bedehus var flott pyntet og klart for helgen, og tok imot 200-300 ungdommer i snitt. Temaet for i år var "all in" og handlet om å gi alt for Jesus og å gi opp alt for Jesus. Torstein Bjarland som var taler for helgen tok dette opp på en flott måte som alle kunne relatere seg til, og mange ble utfordret av det han delte med oss.

I tillegg til Torstein så var også Kjartan Aano, som han bor sammen med i kollektiv, med og hadde seminar. Både han og Torstein sier de er misjonærer på Bryne der de bor, og de fortalte hvordan de orienterer hele livet sitt ut fra at de er sendt av Gud til folk på Bryne. De fortalte at alle oss som satt i salen også var kalt til å være misjonærer der vi bor, og at det skal være vår identitet.

Vi hadde også seminar av Linda Slyngstad som skal reise ut som misjonær til Mongolia. Hun fortalte om det å være misjonær i utlandet og hvorfor hun velger å reise. Hun fortalte også litt statistikk om hvor mange som enda ikke har hørt de gode nyhetene.

Vi hadde med andre ord en fantastisk helg der vi fikk høre mye bra og utfordrende både i tale og sang. Vi i Ung Misjon har lyst å takke alle som har vært med å bidra til at Pit-Stop ble så bra som det ble!

Barnegospelfestival 2014

TEKST: EIVIND LANDRO **FOTO:** MIRIAM MULEID

Da har vi i Ung Misjon igjen gleden av å invitere til Barnegospelfestival på Brudsalsheimen 25.-26.januar 2014! Alle barnekor med barn i alderen 2.klasse og oppover er velkommen til ei fantastisk oppleveling og ei inspirerende helg.

I år får vi med oss Tore Thomassen. Tore har vore i rampelyset i fleire tiår, og er aktuell både som artist, songforfatter og bokforfatter. «Som tekstforfatter og komponist har han levert atskillig stoff både til andres og eget bruk, samtidig med en omfattende konsertvirksomhet.» «Tore Thomassen har evnen til å engasjere publikum.»

Du kan lese meir om Tore på www.torethomassen.no

Tore skal leie korøvingane og ha ei inspirasjonssamling for korleiarane på laurdagskvelden, mens barna har eige opplegg. Inspirasjonssamlinga vil i hovudsak handle om å stå i den viktige tenesta det er å gjøre barna kjent med Guds rike gjennom song. Alle deltakerane vil oppstre i eit felleskor på avslutningsmøtet som vert søndag 26.januar på Blindheim Bedehus kl. 15:00



MELD PÅ: ditt kor til oss i Ung Misjon no, så er du sikker på at de får plass. Dette blir topp!

NY DAGLEG LEIAR I Si-REISER

TEKST: KARL ARNE AUSTNES FOTO: PRIVAT



NY LEIAR: Aud Kindervåg Halsne (51) styrer skuta frå 1. november.

Aud Kindervåg Halsne (51) frå Skartveit i Finnøy kommune blir ny dagleg leiari i Si-REISER frå 1. februar neste år.

-Styret i Si-REISER er trygge på at vi har funne ei god løysing, seier styreleiar Rolf Kjøde.

Si-REISER er den største turoperatøren i kristen regi i Norge.

-Aud Kindervåg Halsne er godt kjent med Si-REISER etter ti år som reiseleiari, og ho har også vore med i arbeidet med turutvikling og programlegging. Det er ein viktig føresetnad for å jobbe godt med den heilt avgjerande og store gruppa av reiseleiaraar og turpredikantar. Ho brenn for den visjonen som selskapet har om å skape kristne feriereiser. Ho har klare og gode tankar om vidare utvikling av Si-REISER mot nye kundegrupper, samtidig som ho kjenner den eksisterande kundegruppa svært godt og vil arbeide hardt for at dei skal kjenne igjen selskapets profil og identifisere seg med det. Aud Kindervåg Halsne har kjennskap til ei god breidd i kristen-Norge og vil såleis ha godt grunnlag for å arbeide vidare med den stadig pågående fornyinga av reiseleiarkorpset, seier Kjøde.

-Aud har særskilt gode leiareigenskapar med stor erfaring frå personalarbeid. Ho har hatt ulike leiarstillingar både i skole og barnehage og i kommuneadministrasjonen. Av fag er ho førskolelærar med fordjuping i administrasjon og leiing og vidareutdanning i spesialpedagogikk, avsluttar styreleiar i Si-REISER Rolf Kjøde.

MISJONSPROSJEKT "YTRE BYDEL ÅLESUND"

TEKST OG FOTO: KARL ARNE AUSTNES

På Aspøya, i Skarbøvika og på Hessa bur det minst 8.000 menneske. I desse bydelane er det lite kristent arbeid. Vi i Sunnmøre Indremisjon trur at vi har eit kall til å nå folk i denne bydelen. Er du interessert i å starte nytt arbeid her saman med oss?

Vi er på jakt etter folk som bur i denne bydelen og som brenn for at evangeliet skal nå ut til fleire her. Sunnmøre Indremisjon ynskjer å tilsette ein medarbeidar som kan få som arbeidsoppgåve å plante nye fellesskap. Men dette er ikkje einmannsarbeid, det må gjerast i team med andre. Særleg ynskjer vi å nå barn og unge og unge familiar. Difor ynskjer vi å kome i kontakt med folk som både kan tenkje seg å vere frivillige eller ha dette som jobb. Her bur det mange som ikkje kjenner Jesus og vi vil gjerne nå dei med verdas beste bodskap, evangeliet om evig frelse i Jesus Kristus!

Vil du vere med på dette? Ta kontakt med oss i Sunnmøre Indremisjon. Vi treng også folk som vil vere med å be for dette arbeidet og for dei folka som bur der.



BYEN ÅLESUND: Sunnmøre Indremisjon søker deg, som vil nå ut med evangeliet!

Storsamling

for Sunnmørskirka og Sunnmøre Indremisjon.



- ✓ Gudsteneste m/nattverd
tale v/krinsleiar
Karl Arne Austnes
- ✓ Song av
Giske barnekor
og «Kor du E»
- ✓ «Søndagskule for borna
v/ Ung Misjon».
- ✓ Salg av middag etter møtet
Leiker og konkurranser i
stорхалле

Borghallen
søndag 8.desember
kl.12.00



Arr: Sunnmørskirka og Sunnmøre Indremisjon

Heimemisjonen